ALVER
KOMMUNE

Skarsvåg Rør Og Interiør As
Melandsvegen 15
5919 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: Ref.:8R2QZA-Skjemanr.:3934 | Linda Hammersvik Folkestad | 24.05.2023 |
| Vår: 23/2154 - 23/38324 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Etterlyser status på mangelbrev rørleggermelding - Gbnr 315/11 Hopland

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til vårt mangelbrev, datert 20.03.2023.

I mangelbrevet har kommunen bede om at søknad vert supplert med følgjande dokumentasjon:
- Situasjonsplan som viser rør føring frå vegg liv frem til tilknytingspunkt på kommunalt leidningsnett.
- Bunnleidningsplan,
- Utsleppsløyve, samt
- Tinglyste erklæringar

Kommunen har gitt tilbakemelding om manglar ved avtalane som er vedlagt søknad.

Avtale om felles solidarisk ansvar:
Det er fleire eigedomar som har kommunalt vatn i området. Fleire av disse, skal ha delar av leidningsnettet felles med Gbnr 315/14. Avtale som Gbnr 315/11 har inngått med Gbnr 315/14 er ufullstendig. Vi gjer merksam på at alle som har delar av leidningsnettet felles, skal signere på avtalen.

Følgjande eigedomar har kommunalt vatn og er, etter det vi forstår, knytt på fellesleidninga:

- Gbnr 315/9
- Gbnr 315/14,
- Gbnr 315/17,
- Gbnr 315/19,
- Gbnr 315/22, og
- Gbnr 315/23.

Tiltakshavar må sjekke opp i dette og innhente nødvendige signaturar. Eigedomane som er knytt på fellesleidninga skal være vist på VA kart, der heile leidningsnettet er teikna inn.

Det betyr at rør føring frå veggliv til bygga fram til tilknytingspunktet på kommunalt leidningsnett skal teiknast inn så godt som det let seg gjere. Avtale med kart skal tinglysast.

Røyrleggar må sjekke at leidningsnettet har tilstrekkeleg med kapasitet til at Gbnr 315/11 kan knyte seg på denne. Dette for å sikre at alle eigedomane har tilstrekkeleg med vatn.

Erklæring om rett:
Erklæring om rett til å legge leidningsnett over annan manns grunn er ikkje tinglyst. Avtale skal tinglysast.

Krav til tinglysing ved søknad:
Ved innsending av rørleggarmelding krev Alver kommune at kopi av tinglyste avtaler leggast ved søknaden. Kravet er heimla i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser pkt. 2.3».

Status i saka:
**Søknad er framleis for mangelfull til at vi kan handsame denne.** Vi har registrert at det er gitt utsleppsløyve den 30.03.2023. Vi kan ikkje sjå at dei andre manglane er sendt inn. Frist for innsending var 20.04.2023. Vi sett no ei endeleg frist for innsending av etterspurd dokumentasjon.

Frist vert sett til 25.06.2023. Dersom kommunen ikkje har motteke dokumentasjon inn innan fristens utløp, vil søknad verte avvist.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Torkjell Holm Brenna | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hans Ivar Skjelvik | Hoplandsvegen 95 | 5919 | Frekhaug |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Skarsvåg Rør Og Interiør As | Melandsvegen 15 | 5919 | FREKHAUG |